

KUNNSKAPSGRUNNLAG – PLANSTRATEGI FOR FJALER KOMMUNE 2024-2028



4.6.24

Ola Hovland

Kommunedirektør

UTVIKLINGSTREKK

Dokument som gjer greie for utviklingstrekk for Fjaler kommune skal nyttast som grunnlag for arbeidet med å lage planstrategi for 2023-2027.

Planstrategi er eit verktøy for strategisk, kommunal og regional planlegging. Den største nytta til planstrategien er å styrke planlegging som politisk styringsverktøy og bidra til betre plansamanheng og prioritering for ei berekraftig samfunnsutvikling.


I arbeidet med å lage planstrategi så skal vi vurdere om det er behov for nye planar, om noko kan slåast i hop, om planar går ut, skal vidareførast eller reviderast.

Dokumentet tek utgangspunkt i tilgjengeleg statistikk innan ulike samfunnstema for å forsøke å skape eit bilete av kommunen, kva er status, utfordringar og moglegheiter framover. Dokumentet er ikkje uttømmende, og det finst andre statistikkar, tal og tema som er relevante.

Det er lagt vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får, med framskrivingar og kort analyse.

Til slutt i dokumentet er ei oppstilling av dei utfordringane kommunen står føre og forslag til tema og satsingsområde til kommunen sitt planarbeid.

Utarbeiding av informasjon er basert på Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 (20.6.23), Forventningsbrev frå Statsforvaltaren 2.2.24, Fråsegn frå Statsforvaltaren 9.4.24, Innspel frå andre offentlege etatar, april -24, Kommunal planstrategi synspunkt for Vestland fylkeskommune, 5.12.23, Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland



Innhold

SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN (OVERORDNA PLAN)	5
Overordna mål henta frå planen – 2014-2025	5
FN sine berekraftsmål.....	6
DEMOGRAFI - Befolkningsutvikling og befolkningsamansetning	7
Byggeklart bustadareal i sentrum er ei stor utfordring	7
Kommunen sin robustheit til å levere tenester	8
FOLKEHELSE - Levevanar og helse	9
FOLKEHELSEPROFILEN	9
OPPVEKSTBAROMETER.....	10
BUSTADUTVIKLING	12
DIMMENSJONERING AV KOMMUNALE BUSTADAR OG INSTITUSJONSPLASSAR.....	12
Kvalitetsindikatorar for pleie og omsorg (nr 28 av 356)	14
Bustadutvikling	14
UTDANNING OG KOMPETANSE	15
Barnehage og skular	15
Utdanningsnivå i befolkinga	15
Kvalitetsindikatorar for skule.....	16
Kvalitetsindikatorar for barnehage.....	17
KULTUR, FRITID OG DELTAKING	17
Fritidstilbod ungdom	17
NÆRING - Næringsliv og sysselsetting	18
Variert næringsstruktur	18
Vekst i arbeidsplassar	19
Rekrutteringsbehov framover	19
Del av større bu- og arbeidsmarknadsregion	20
SAMFERDESEL OG INFRASTRUKTUR.....	21
Bilparken.....	21
Kommunale vegar.....	21
Kollektivtilbod.....	21
Breiband og EKOM-nett.....	21
Vatn og avløp.....	22
RISIKO OG SÅRBARHEIT	23
Klimaprofil for Sogn og Fjordane	23
KLIMA OG MILJØ.....	25
Klimagassutslepp	25

Reduksjon av avfall	27
AREAL, NATUR OG KULTURMINNE	27
Areal	27
Naturmangfald.....	28
Kulturminne og kulturmiljø	28
Landbruk og jordvern.....	28
SAMARBEID	29
Interkommunale samarbeid	29
Behov for tettare samarbeid og samordning	30
KOMMUNEN SIN ØKONOMI.....	30
Finansielle nøkkeltal	30
Kommunal økonomiske berekraft - Effektivitet, kvalitet + kostnader og storleiken på tenestene ..	32
DEMOKRATIUTVIKLING.....	33
Valdeltaking	33
Kommunestyre	34
Kommunane i framtida.....	34
Grep for god demokratisk styring	35
STATUS PLANOPPGÅVER 2020-2024	36
SAMANDRAG	37
Demografi.....	37
Folkehelse.....	37
Bustadbehov – kommunale bustadar og institusjonsplassar	37
Utdanning og kompetanse	37
Kultur, fritid og deltaking.....	38
Næring – Næringsliv og sysselsetting	38
Samferdsel og infrastruktur.....	38
Risiko og sårbarheit	38
Klima og miljø	38
Areal, natur og kulturminne	39
Samarbeid.....	39
Kommunen sin økonomi.....	39
Demokratiutvikling	39
Status prioritering av planoppgåver 2020-2024 – prioriteringar framover	39
FORSLAG TIL TEMA OG SATSINGSOMRÅDE I KOMMUNEN SITT PLANARBEID.....	39

SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN (OVERORDNA PLAN)

Samfunnsdelen av kommuneplanen viser visjon, mål og strategi for ønska samfunnsutvikling. Føringer i samfunnsdelen skal følgjast opp gjennom den øvrige planlegginga i kommunen.

Overordna mål henta frå planen – 2014-2025.

Fjaler kommune som organisasjon og arbeidsgjevar

oppnå ein sunn kommuneøkonomi (netto driftsresultat på 3%, driftsreserve på minimum 10 millionar og netto lånegjeld på 40% av netto driftskostnader) vere ein veldreven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde pasientar, brukarar, tilsette og folkevalde

Mål for samfunnsutviklinga

Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025

Arbeidsmarknad og næringsutvikling:

Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar.

Helse og omsorg

Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.

Oppvekstmiljø, barn og unge

Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.

Samfunnstryggleik og beredskap

Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin tryggleik

Klima, energi og miljø

Redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff

Naturressursar, natur- og kulturlandskap

Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap

Bustadbygging og bumiljø

Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.

Hyttebygging

Hyttebygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta sin tilgang til friluftsområder.

Infrastruktur, samferdsel og kommunikasjon

Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur: veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløysingar (mobil og fiber)

Sentrumsutvikling

Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

FN sine berekraftsmål



FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmåla består av 17 mål og 169 delmål, som skal fungere som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Berekraftsmåla skal hjelpe oss til å løfte blikket, styre i rett retning og utvikle gode løysningar lokalt – som også bidrar globalt. Lokal handling er avgjerande for å nå de globale måla. Økologisk, økonomisk, og sosial og kulturell berekraft er faktorar som kvar for seg er viktige for å nå berekraftsmåla, men som til ei kvar tid må sjåast i samheng med kvarandre og med dei målsettingar vi arbeider for å nå.

Les meir om FNs mål her: www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal Folkehelse har mykje til felles med den sosiale dimensjonen i FNs berekraftsmål. Både sosial berekraft og folkehelse handlar om å fremje ei samfunnsutvikling som: Set menneskelege behov i sentrum, gir sosial rettferd og like livssjansar for alle, legg til rette for at menneske som bur i lokalsamfunnet, kan påverke forhold i nærmiljøet og elles i kommunen., og legg til rette for deltaking og samarbeid. (Hofstad, 2017; Bergem, 2019).

Vi må oversette og forenkle budskapet om berekraft:

- Ikkje utelat nokon.
- Det er større enn oss sjølv - vi må bry oss.
- Alle skal med og må bidra.
- Alle måla heng saman.

Det er det vi gjer som blir avgjerande!

Berekraftsmåla skal ligge til grunn for all aktivitet – også i Fjaler. Det som er viktig oppgåve for kommunen er å motivere alle til å bidra positivt til at vi i fellesskap jobbar mot dei måla som ligg i berekraftsmåla.

Fjalersamfunnet må nytte dei ressursane vi har i folka, miljøet og økonomien, på ein slik måte at Fjaler utviklar seg til det beste for samfunnet og framtidige generasjonar.

DEMOGRAFI - Befolkningsutvikling og befolkningsammansetning

I 2023 var det 2869 innbyggjarar i Fjaler kommune. Det er ein nedgang på 44 frå året før med størst nedgang i ytre/vestre deler av kommunen. Omlag 50% av innbyggjarane bur i sentrumsområde og 50% i område som ikkje er definert som sentrumsområde.

Dei siste 10 åra har Fjaler hatt ein auke i folketalet på 16 personar (1%). Auken har vore størst i Flekke og Dale, medan det har vore nedgang på Vassdalen, ytre Fjaler og Guddal, dvs. utkantane av kommunen. Tala inkluderer ca 90 flyktningar. I 2015 hadde Fjaler om lag 20 flyktningar
Befolkningsvekst i Flekke og Dale har lagt press på utbygging og sosial og teknisk infrastruktur. Auke i tal flyktningar har ført til større press på bustadmarknadane og mangel på bustadareal klart for bygging er ei utfordring i både Flekke og Dale-område.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	1 år	10 år	10 år %
- Flekke - Espedal	477	464	469	486	455	442	463	533	547	566	554	-12	77	
- Hovlandsdal	55	55	51	47	48	48	53	50	41	40	43	3	-12	
- Guddal - Heggheim	116	115	115	112	111	102	108	106	114	119	114	-5	2	
- Øvre Vassdalen	70	69	65	64	66	66	66	63	56	57	56	-1	-14	
- Nedre Vassdalen	190	180	184	183	184	167	158	155	148	142	148	6	-42	
- Berga - Borheim - Jarstad	516	519	515	530	549	528	526	521	526	532	519	-13	3	
- Dale - Sitteland	474	472	484	500	507	525	525	521	532	541	557	16	83	
- Sagevik - Yksnebjør	263	274	300	300	303	284	300	312	326	321	315	-6	52	
- Fure	87	89	86	81	72	67	60	68	67	66	70	4	-17	
- Folkestad	76	71	72	71	71	75	70	80	72	70	64	-6	-12	
- Våge	198	197	189	188	186	189	188	193	193	192	188	-4	-10	
- Lone	118	118	114	119	119	120	117	112	112	100	96	-4	-22	
- Gjulanger	154	149	140	144	138	127	129	130	128	131	118	-13	-36	
- Tyssedal	37	38	35	32	35	32	38	40	39	36	27	-9	-10	
unoppgitt grunnkrets	22	15	11	5	2	2	1	1	0	0	0	0	-22	
TOTALT	2 851	2 823	2 830	2 862	2 816	2 770	2 802	2 885	2 901	2 913	2 869	-44	16	1 %
Flekkje	477	464	469	486	455	442	463	533	547	566	554	-12	77	16 %
Guddal	171	170	166	159	159	161	156	155	159	157	157	-2	-14	-8 %
Vassdalen	260	249	249	247	250	233	224	218	204	199	204	5	-56	-22 %
Dale	1253	1265	1298	1330	1359	1335	1351	1354	1384	1394	1391	-3	138	11 %
Ytre Fjaler	670	660	636	635	621	608	602	623	611	595	563	-32	-107	-16 %

Byggeklart bustadareal i sentrum er ei stor utfordring

Fjaler kommune har område som er opna for bustad (krev regulering) på 82,5 daa innforbi kommunedelplan for Dale. Kapstadbøen 26 daa, Nedre Longehaugen (10 daa), Kirkeåsen (29 daa). Felles for desse områda er at det er krav om utbygging av infrastruktur herunder gangfelt frå brua over Dalselva og vestover. Andre område i sentrum er Dingemoen (12,5 daa), Skarpa 5daa.

Kommunen har sjølv ingen byggeklare tomter i sentrum. Enkeltstående tomter som i dag er i privat eige er omlag 10-15. I tillegg eitt byggefelt med omlag 13 bueningar.

I snitt blir det bygt 10 bustadar årleg i Fjaler. I samband med utarbeiding er av ny arealplan er det tilfredsstillande dekning for tomter utan plankrav, men i tillegg til Dale er byggeklare tomter ei utfordring i Flekkeområdet.

Folketal i grendene (tabell 04317 SSB)

Fødselstala har variert noko i 10-årsperioden frå 13 til 30, med eit snitt dei siste fem åra (2019-23) på 24 og 2014-2018 på 22. I dei neste åra så er det ein auke i Flekke, men nedgang i Dale og Våge. Tal barn i skulen vil gå ned frå **344** i 2023/24 til **311** i 2026/27 og **288** i 2028/29 (barnetal pr mars-23). Dette vil kunne variere noko iht inn- og utflytting og inn- og utvandring.

Folketal per årsak (tabell frå Framsikt)

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Snitt 19-23	Snitt 14-18
Folketal ved inngangen av kv	2 871	2 853	2 823	2 921	2 849	2 846	2 770	2 802	2 885	2 901	2 913		
Fødde	26	13	22	23	30	20	23	21	28	27	20	24	22
Døde	34	40	28	42	32	43	19	20	35	30	26	26	37
Fødselsoverskot	-8	-27	-6	-19	-2	-23	4	1	-7	-3	-6	-2	-15
Innvandring	95	93	90	102	76	61	66	91	91	110	110	98	89
Utvandring	98	99	69	88	88	100	61	17	67	68	108	64	89
Innflytting, innanlands	86	88	90	115	94	64	94	90	102	82	60	86	88
Uttflytting, innanlands	93	95	97	79	96	92	93	82	104	109	100	98	90
Netto innvandring og flytting	-10	-3	14	50	-14	-64	26	82	22	15	-38	22	-1
Folkevekst	-18	-30	7	32	-16	-76	32	83	16	12	-44	20	-17
Folketalet ved utgangen av kv	2 853	2 823	2 830	2 862	2 846	2 770	2 802	2 885	2 901	2 913	2 869	2 874	2 825


Tala i tabellen ovanfor viser at vi dei siste ti åra kunn ha to år med positivt fødselsoverskot. Netto innvandring og flytting variera, men flest år med positive tal.

Framskriving av folketalet (tabell frå SSB 13600 justert for uttrekk av UWC elevar, historisk utvikling og lav vekst).

Tala viser at vi har auke i tal eldre i gruppa 80-89 og 90+. Tal elevar i grunnskule 6-15 år vil blir redusert, jf kommentar ovanfor. Det betyr at vi omstille drifta til å bruke meir ressursar på helse og mindre på oppvekst. Merk! SSB sin statistikk for prognosetal er frå 2022. Det bli publisert nye tal iløpet av året.

	2022	2023	2024	2030	2040	2050	Endring 2023 - 2030 (7 år)	Endring 2023 - 2040 (17 år)	Endring 2023 - 2050
0-5 år	162	176	173	171	174	167	-5	-6	-9
6-15 år	357	348	349	306	337	318	-42	-14	-30
16-24 år	267	260	250	323	299	294	63	47	34
25-49 år	745	722	721	720	741	772	-2	15	50
50-66 år	546	559	553	530	507	511	-29	-52	-48
67-79 år	421	425	427	400	389	378	-25	-30	-47
80-89 år	151	155	160	188	225	218	33	62	63
over 90 år	22	20	29	36	58	82	16	44	62
Totalt	2 671	2 665	2 662	2 674	2 730	2 740	9	66	75

Kommunen sin robustheit til å levere tenester



Tala i grafen over er justeringar for at vi har ca 140 UWC elevar som ikkje blir buande i kommunane.

Frå 2030 og framover vil Fjaler har fleire personar over 65 år enn barn 0-19 år. Frå 2040 og framover aukar gapet monaleg. Når den delen eldre med velferdsbehov aukar og del i yrkesaktiv alder minskar, vil det færre til å utføre velferdsoppgåver og skape verdiar som betalar for auka utgifter til folketrygda og helse- og omsorgstenestar. Offentlege utgifter aukar raskare enn offentlege inntekter, og den økonomiske berekrafta i kommunane vil verte betydeleg svekka. Slik som dagens inntektssystemet for kommunane er designa (store skilnader), så er det ei demokratisk utfordring at tenestene kan ha ulik kvalitet for innbyggjarane på tvers av kommunar.

FOLKEHELSE - Levevanar og helse

<https://www.fhi.no/he/folkehelse/folkehelseprofil/>

FOLKEHELSEPROFILEN

Folkehelseprofilen syner at kommunen ligg over landsnivået på dei fleste indikatorane. Innan oppvekst og levekår er det nokre utfordringar i høve innbyggjarar som leiger bustad 45+. I tal for unge som står utanfor 15-29 år og som viser svake verdiar, kan det vere at UWC elevane som er registrert som innbyggjarar i Fjaler påverkar resultatet. Det er positivt at ungdommen skårar høgt på fysisk aktivitet og mindre skjermtid enn snittet. Det betyr likevel at det kan vere potensiale til forbetring.

Hovudutfordringa for Fjaler er at unge eldre (65-79 år) er høgare enn i landet som heilheit. Vi ser og på barnetalsutviklinga at tal barn i skule vil gå ned dei kommande 5 åra. Dette skyldast store årskull i 2010, 11 og 12 som er ferdig med grunnskulen, jf demografiutvikling.

Folkelsebarometer for kommunen

I oversikten nedenfor sammenliknes noen nøkkeltall for kommunen og fylket med landstall. I figuren og tallkolonnene tas det hensyn til at kommuner og fylker kan ha ulik alders- og kjønns sammensetning sammenliknet med landet. Klikk på indikatornavnene for å se utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelse statistikkbank, <http://khs.fhi.no> finnes flere indikatorer samt mer informasjon om hver enkelt indikator.

Vær oppmerksom på at også «grønne» verdier kan innebære en folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan være noe å strekke seg etter.

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet som helhet
- ▬ Variasjonen mellom kommunene i fylket
- De ti beste kommunene i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Folkelsebarometer for Fjaler
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	23,2	20,8	20,3	prosent	
	2 Andel unge eldre, 65-79 år	16,9	13,7	13,9	prosent	
	3 Andel over 80 år	6,0	4,7	4,5	prosent	
	4 Andel 80 år+, framskrevet til 2050	9,2	10,6	10,4	prosent	
	5 Personer som bor alene, 75 år +	43,4	40,5	42,0	prosent	
	6 Befolkningsvekst	0,41	0,77	1,2	prosent	
Oppnær og levekår	7 VGS eller høyere utdanning, 30-39 år	83	83	81	prosent	
	8 Vedvarande lavinntekt, alle aldre	10,6	8,9	9,8	prosent	
	9 Inntektsulikhet, P90/P10	2,9	2,7	2,8	-	
	10 Leier bolig, 45 år +	16,6	11,9	12,4	prosent	
	11 Bor trangt, 0-17 år	19	18	18	prosent	
	12 Gjeld større enn 3 ganger inntekt	10,7	20,0	20,8	prosent	
	13 Unge som står utenfor, 15-29 år	39,6	8,6	9,5	prosent (a,k)	
	14 Stønad til livsopphold, 20-66 år	13,9	15,7	17,4	prosent (a,k)	
	15 Laveste mestringnivå i lesing, 5. tr.	36	25	24	prosent (k)	
	16 Gjennomføring i vdg. opplæring	83	81	80	prosent (k)	
	17 Høy tilfredshet, Ungdata 2021	60	49	49	prosent (a,k)	
Målt, skader og sykaker	18 Valgdeltakelse	67,6	65,2	62,4	prosent	
	19 Drikkevann, hygienisk og stabilt	94,6	96,2	93,4	prosent	
	20 Luftforurensning, eksponert (ny def.)	0	15	46	prosent	
	21 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2021	96	87	85	prosent (a,k)	
	22 Med i fritidsorganisasjon, Ungd. 2021	68	61	60	prosent (a,k)	
Helse- og livsforhold	23 Trener sjeldnere enn ukentlig, 17 år	8,8	25	28	prosent (k)	
	24 Skjermtid over 4 timer, Ungd. 2021	23	46	49	prosent (a,k)	
	25 Røyking, kvinner	-	1,9	2,4	prosent (a)	
Helsestand	26 Forventet levealder, menn	80,5	80,6	80,3	år	
	27 Forventet levealder, kvinner	84,4	84,6	84,0	år	
	28 Utd.forskjeller i forventet levealder	-	4,9	5,1	år	
	29 Overvekt og fedme, 17 år	26	21	22	prosent (k)	
	30 Psykiske sympt./lidelser, 0-74 år	128	152	168	per 1000 (a,k)	
	31 Muskel og skjelett, 0-74 år	229	288	313	per 1000 (a,k)	
	32 Hjerte- og karsykdom	14,3	18,3	17,2	per 1000 (a,k)	
	33 Tykk- og endetarmskreft, nye tilfeller	99	93	84	per 100 000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdekning, influensa, 65 år+	73,3	66,1	62,3	prosent	

Forklaring (tall viser til linjenummer i tabellen ovenfor):

* = standardiserte verdier, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tall fra Ungdataundersøkelsen mangler. Les mer om mulige årsaker til at tall fra Ungdataundersøkelsen mangler [her](#).

OPPVEKSTBAROMETER

Oppvekstprofilen frå 2023 (2022 tal) syner at kommunen ligg over landsnivået på dei fleste indikatorane. Andelen barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt er lågare enn landssnittet. Andel barn i familiear som har fått sosialhjelp minst ein gong i løpet av året er lågare enn landsnivået. Trivsel og aktivitetsnivå verkar til å vere bra. I Ungdata-undersøkelsen frå 2023 skorar 7. trinn likt med landssnittet medan 10. trinn låg over eller likt på alle måleindikatorane.

Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I [Kommunehelse statistikkbank](#) finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Oppvekstbarometer for Fjaler
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	22,3	21,0	20,4	prosent	
	2 Innvand. og norskf. med innv.førelde	18,2	15,2	19,8	prosent	
Levekår	3 Barn i fam. m/vedvarande låg inntekt	8,2	9,8	12	prosent	
	4 Barn i familiar som mottek sosialhjelp	3,8	4,4	5,7	prosent	
	5 Bur trengt, 0-17 år	19	18	18	prosent	
	6 Barn av einslege forsørgarar	10,2	13,1	14,7	prosent	
	7 Barn med barnevernstiltak, 0-17 år	5,1	3,7	3,9	prosent	
	8 Unge som står utafør, 15-24 år	46,9	7,1	7,4	prosent (a,k)	
Barnehage og skule	9 Bemanning i barnehage, oppfylt	60	95	92	prosent	
	10 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	30	25	23	prosent (k)	
	11 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr.	24	23	24	prosent (k)	
	12 Trivst på skulen, 7. trinn	86	85	86	prosent (k)	
	13 Blir mobba på skulen, 7. trinn	-	6,7	7	prosent (k)	
	14 Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	44,9	43,5	43,3	poeng (k)	
Fritid og nærmiljø	15 Gjennomføring i vdg. opplæring	87	80	79	prosent (k)	
	16 Fornøgd med lokalmiljøet, 2021	76	68	68	prosent (a,k)	
	17 Fornøgd med treffstadar, 2021	52	43	46	prosent (a,k)	
	18 Med i fritidsorganisasjon, 2021	68	61	60	prosent (a,k)	
	19 Einsemd, 2021	14	26	25	prosent (a,k)	
	20 Regelbrudd, Ungd. 2021	5,8	8,7	8,6	prosent (a,k)	
Helse og helsefølelse	21 Skjermtid over 4 timar, 2021	23	46	49	prosent (a,k)	
	22 Fornøgd med helse, 2021	82	68	68	prosent (a,k)	
	23 Høg tilfredsheit med livet, Ungd. 2021	60	49	49	prosent (a,k)	
	24 Psykiske plager, 2021	8,2	17	17	prosent (a,k)	
	25 Psykiske sympt./lidingar, 15-24 år	85	152	166	per 1000 (a,k)	
	26 Problem med søvn, 2021	20	30	31	prosent (a,k)	
	27 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	15	24	27	prosent (k)	
	28 Overvekt og fedme, 17 år	25	22	22	prosent (k)	
	29 Reseptfrie smertestillande, 2021	16	16	16	prosent (a,k)	
	30 Alkohol, har vore berusa, 2021	14	10	13	prosent (a,k)	

Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkingen manglar. Les meir om moglege årsaker til at tal frå Ungdataundersøkingen manglar og om endringar i tal for 2021 [her](#).

Folkehelseoversikt 2021-2024

Folkehelseoversikt for Fjaler kommune 2021 – 2024 som er utarbeidd i samarbeid med Folkehelseavdelingar i Kinn peikar på 3 hovudutfordringar:

- Sosial ulikskap
- Fysisk aktivitet og overvekt/fedme
- Psykisk helse

BUSTADUTVIKLING

DIMMENSJONERING AV KOMMUNALE BUSTADAR OG INSTITUSJONSPASSAR

Fjaler kommune utarbeidde bustadsosial handlingsplan i 2019 for periode 2020-2024 – med følgjande mål:

- Alle skal ha ein god stad og bu – 4 tiltak
- Alle med behov for tenester skal få hjelp til å meistre buforholdet – 3 tiltak
- Hjelpa i kommunen skal vere heilskapeleg og effektiv – 3 tiltak

Etter dei nasjonale føringane skal kommunane leggje til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane i tråd med lokale og regionale behov. Det skal leggjast til rette for at eldre som ynskjer det, kan bli buande lengre i eigen bustad, og at kommunen må sjå utvikling av helse- og omsorgstenester i samanheng med bustadplanlegging og den langsiktige økonomien til kommunen.

I den nye lova om kommunens ansvar på område er krava skjerpa når det kjem til det å ta bustadsosiale omsyn i planlegging, samarbeid på tvers av sektorar og samordne tenester, og å samarbeide med andre offentlege aktørar som kan bidra til arbeidet for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Status for bustadsituasjonen pr idag

Formål	Tal bueiningar	Framleigeavtalar bueiningar
Utleige	73	14

Det er ingen ledig kapasitet pr i dag og har vore ei utfordring å skaffe tilstrekkeleg med bustadar i samband med mottak av flyktningar.

Gode tenester i framtida – investeringsbehov og effektiv drift

I Fjaler kommune sine overordna planar – kommuneplanen sin samfunnsdel og helse og omsorgsstrategien 2018-2030 er det lag til grunn berekraftige løysingar både økonomisk og miljømessig og til det beste for tilsette og dei som skal motta tenestene. Målet er å sikre meir berekraftige helse- og omsorgstenester i framtida.

I saksutgreiinga til Helse- og omsorgsstrategien er det gjort godt greie for at tenestebehova vil vere meir komplekse og krevje meir tverrfaglegheit, samhandling og nye måtar for informasjonsflyt mellom pasient/brukar og teneste og mellom tenestledda.

For å lykkast så er det i ovordna føringa for strategien lagt vekt på behovet for:

- **Samordning av tenestene**

Det er vidare i arbeid med utvikling av bygningsmassen poengtert:

- Bygg som dekker helsetenester bør samordnast mest mogeleg: **To lokasjonar i Fjaler**

Pr i dag har vi følgjande struktur på

I dag driv vi tenester på følgjande lokasjonar:

- Svehaugen (heimetenestar)

- Øyra (miljøtenesta)
- Sjukeheimen (fysio, psykisk helse, helsestasjon, rehabilitering, lege, dagsenter for demente, korttidsplassar, langtids plassar, plassar for demente, kjøkken, omsorgsbustader)
 - o Krinshellaren, Løvollen, Naustmyra
- Vevang produksjon (dagtilbod til PU)
- BPA (her og der)

Dette betyr at tenestene i dag er spreidd **på 4 lokasjonar** (ekskl BPA), men nokonlunde samla ift nivå på omsorgstrappa.

Helsestasjon, lege og psykisk helse er vedteke flytta til nytt bygg i løpet av 2025/26 (avklaring før igangsettingsløyve kan bli gitt pågår april-24).

Mesteparten av bygningsmassen er frå 1970 og 2000. Det er berekna eit vedlikehaldsbehov (ikkje oppgradering) på kr 40-50 mill dei neste 10-15 åra. Dette inkluderar ikkje eventuelt ombygging og rehabilitering av kjøkken. Det er lagt til grunn at Krinshellaren, Helselagsbustaden og «Det gamle huset» ikkje er del av vedlikeholdsplanen.


I samband med forstudie for planlegging av omsorgsbustadar til personar med tenester på døgn (dagtid, kveld og natt samt aktivitetstilbod) ventar kommunen (april -24) på rapport frå Agenda Kaupang som vil gje ei framskriving og dimensjonering av behov for kommunale bustadar- og institusjonsplassar.

Statsforvaltaren har peika på at demografiutvikling gjer til at kommunane må jobbe vidare med aldersvennleg samfunnsplanlegging, herunder

- Vidareføre [Leve heile livet-reforma \(2017\)](#) til den nye [Felleskap og meistring- Bu trygt heime \(2023\)](#)
- Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging
- Jobbe aktivt for å nå likestilling for personer med nedsett funksjonsevne.

Vidare er det peika på viktigheita av å sikre at barn og unge eit godt tenestetilbod (barnehagar, skular, idrettsanlegg, infrastruktur). Dette gjeld òg møteplassar, uteareal og tilgang til grøne område nær barnehagar, skular og andre institusjonar.

Kvalitetsindikatorar for pleie og omsorg (nr 28 av 356)




Kompetanse – vi skorar over snittet når det gjelder tilsette med fagutdanning og høgskuleutdanning.

Tenestar og dekningsgrad – varierar. Til dømes Fysio pr uke sykehjem er under snittet medan legesjekk er over snittet. Andel brukarar med bistand til å vere med på aktivitetar, er over snittet. Årsverk psykisk helse og rus, er under snittet.

Bustadutvikling

Statistikk for eigarstatus viser at det er fleire som leiger bustad i Fjaler enn det vi ser i Vestland fylke.



Fjaler kommune har ikkje sjølv ledige byggeklare tomter i sentrumsområde, dvs innanfor kommunedelplan for Dale. Dette er ei utfordring og kan forklare årsaka til at vi har fleire som leiger.

Over tid så har det vore bygt om lag 10 einingar pr år.

Utover at det er enkeltståande tomter som er eigd av private (ca 15 - med uklar status), er det kunn eitt byggefelt kor det er muligheter for bygging av leiligheiter og hus.

Område som er opna for bustadbygging, men kor det må lagast reguleringsplan og der det er plankrav er:

- Område som er opna for bustad – 82,5 daa – kommunedelplan Dale

Kapstadbøen (26 daa), Nedre Langehogen (10 daa), Kirkeåsen (29 daa)

Dingemoen (12,5 daa)

Skarpa (5 daa)

Herav er kunn Kapstadbøen kommunal.

UTDANNING OG KOMPETANSE

Barnehage og skular



Fjaler kommune har pr 31.12.23:

- 3 kommunale og 1 privat barnehage i Fjaler kommune, med tilsaman 146 barnehageborn pr 31.12.23.
- 3 grunnskular med 339 elevar. To av skulane er 1-10 skular (Våge 34 elevar og Dingemoen 263 elevar) og ein er 1-7 skule (Flekkje 42 elevar).
- SFO tilbod med om lag 90 elevar.
- Kulturskulen (Hyllestad, Fjaler og Askvoll) har omlag 200 deltakarar fordelt på følgjande aktivitetar: Musikk 101, Dans 65, Visuell kunst 22, Prosjektteater ca 20 (ikkje aktivt pr april)
- Vaksenopplæring i Dale med 34 elevar som tilbyr grunnskule for vaksne, norsk med samfunnsfag for vaksne flyktningar, innvandrarakar, og introduksjonsordning for flyktningar og innvandrarakar.

Utdanningsnivå i befolkninga

Fjaler har eit noko høgare utdanningsnivå i befolkninga (33%) enn dei andre kommunane i regionen (unnateke Sunnfjord). Trenden er at delen med høg utdanning aukar. Talet på dei som har fullført vidaregåande skule har vore meir stabilt, medan talet på dei som berre har fullført grunnskule har gått litt ned.

Tabell SSB 2021 – Rapport 2023 Status og utviklingstrekk i Sogn og Fjordan helsefelleskap




Kvalitetsindikatorar for skule (274 av 356)

Kommuneindeksen 2024 (2023-tal) – Agenda Kaupang – samanlikna med kommunane i Norge

Kvalitet

● 4646 Fjaler



Grunnskulepoeng

Standpunkt og eksamen viser gode resultat for skulane i Fjaler

Nasjonale prøver

Viser at vi ligg under gjennomsnittet

Kompetanse

Viser at vi ligg under gjennomsnittet, dvs. har færre lærarar med godkjent utdanning

Spesialundervisning 1-4. trinn


Her brukar vi meir ressursar/har større behov enn snittet.

Elevundersøkinga for 7. trinn og for 10. trinn

Elevundersøking viser at elevane opplever at dei får god støtte frå lærarar og heimanfrå. Trivsel og motivasjon har vore god dei siste åra. Samla sett skorar vi betre enn snittet av

skulane i Noreg. Det ser og ut til å vere ei positiv utvikling gjennom skuleløpet fram mot siste året (10. trinn). Gjennomføring av VGS-utdanninga er betre enn snittet.

Kvalitetsindikatorar for barnehage (nr 281 av 356)



- **Plassar** per årsverk er betre enn snittet og tyder på god utnytting av kapasiteten
- **Tilsyn** som er viktig for å sikre kvaliteten i tilbudet skorar vi dårlegare enn snittet
- **Kompetanse** – andel barnehagelærare i kommunal og privat barnehage ligg vi godt under snittet.

KULTUR, FRITID OG DELTAKING

Fritidstilbod ungdom

Ungdataundersøkelsen (2021) der 92 elevar på ungdomstrinnet deltok viser at større andel av ungdommane er med på organiserte fritidsaktivitetar, idrettsklubb og kulturaktivitetar enn landssnittet. Det er derimot færre som er med på ungdomsklubbaktivitetar. Dette er eit tilbod som ikkje har vore i Fjaler, men som er endra no med Samvirke som ny møteplass. Folkehelsebarometeret viser at ungdom over 17 år som trenar fysisk er langt høgre enn landssnittet (jf Folkehelsebarometeret).

Bibliotek, kino og kulturskule

Besøkstala hjå biblioteket er stabilt og noko under Kostra-gruppa. Besøkstala er viktig for at biblioteka skal fylle si rolle. Fjaler brukar mindre pengar på drift av bibliotek. Eit tiltak for å auke besøkstala vil vere å auke tilgangen/endre opningstidene. Besøk pr kinoforestilling er noko over kostragruppa og viser ein auke i 2023.

	2022 Fjaler vs kostragruppe 5	2023 Fjaler vs Kostragruppe 5
Besøk i Folkebibliotek pr innbyggjar (antal)	3,0 vs 4,0	3,1 vs 3,9

Utlån pr innbyggjar	2,1 vs 2,9	2,1 vs 2,9
Besøk pr kinoforesetilling (antall)	16,9 vs 17,3	26,1 vs 18,7

Utifrå **kulturindeksen** (Telemarksforskning så er ligg Fjaler på 117. plass (2022 tal) med 162 poeng.

	Poeng	Plassering
Kunstnere	17	68
Kulturarbeidere	8	293
Museum	0	234
Kulturarrangement	9	136
Kino	16	141
Bibliotek	22	225
Scenekunst	21	41
Kultur for barn	19	276
Sentrale tildelinger	19	11
Frivillighet	30	17

<https://kulturindeks.no/indeks>

NÆRING - Næringsliv og sysselsetting

Variert næringsstruktur.

Totalt 1.365 sysselsette med arbeidsstad i Fjaler ved utgangen av 2023. Det er god variasjon i næringsstruktur, flest tilsette innan helse og utdanning, deretter varehandel og bygg- og anleggsverksemd – ein liten auke frå 2022. Jordbruk, skogbruk og fiske kjem deretter og har ein nedgang på 20% samanlikna med 2022.

	2022	2023	Endring %	Andel
00-99 Alle næringer	1365	1359	-0,4%	
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	117	97	-20,6%	7 %
05-09 Bergverksdrift og utvinning	0	0		0 %
10-33 Industri	25	25	0,0%	2 %
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	10	11	9,1%	1 %
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	190	195	2,6%	14 %
45-47 Varehandel, reparasjon av motorv	101	111	9,0%	8 %
49-53 Transport og lagring	78	76	-2,6%	6 %
55-56 Overnattings- og serveringsvirksom	24	16	-50,0%	1 %
58-63 Informasjon og kommunikasjon	34	34	0,0%	3 %
64-66 Finansiering og forsikring	12	11	-9,1%	1 %
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsd	49	57	14,0%	4 %
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	37	32	-15,6%	2 %
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	58	45	-28,9%	3 %
85 Undervisning	190	201	5,5%	15 %
86-88 Helse- og sosialtjenester	409	414	1,2%	30 %
90-99 Personlig tjenesteyting	25	30	16,7%	2 %
00 Uoppgitt	6	4	-50,0%	

Vekst i arbeidsplassar


Det har vore ei positiv utvikling i arbeidsplassar «sysselsette personar etter arbeidsstad» i Fjaler siste 10 år, større nedgang 2019 til 2020 knytt til IT-bransjen.

Stabil utvikling med ein liten nedgang siste år «sysselsette personar med bustad» i Fjaler.

Vekst i sysselsetting i privat sektor siste 10 år, spesielt i bygg og anlegg og transport. Det er liten arbeidsledigheit i Fjaler

Fjaler var fram til 2017 ein bustadkommune med netto utpendling, dette har endra seg i åra etterpå og ein er meir i balanse.

13470: Sysselsatte per 4. kvartal, etter statistikkvariabel og år. Fjaler.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Rekrutteringsbehov framover

Om lag 28% av alle sysselsette i Fjaler er over 55 år, totalt 387 pr 31.12.2023. 7% av desse er over 67 år. Særleg innan jordbruk, skogbruk og fiske er det ein stor andel over 55+ og over 67+ med hhv 49% og 23%. Transportsektoren har og noko av same talmønsteret. Undervisning og helse er det mange i gruppa 55+ med 30% og 26%. Det betyr at det er eit stort rekrutteringsbehov dei neste åra innan ulike sektorar. Tal viser at ca 40% av dei som tek utdanning/i arbeidsfør alder av eigne ungdommar kjem tilbake til kommunen. Med årskull under 30 i året så fortel det om ein sær stor underbalanse i tilgang til arbeidskraft utover dei som har tilknytnad til eigen kommune.

Fjaler kommune har 355 tilsett og 288,4 årsverk. Av dette 84 (23,7) menn og 271 kvinner (76,3%). 74 årsverk (25%) er mellom 50-60 år og 38,3 (13%) er i aldersgruppa 60+.

	55-66 år	67-74 år	Totaler	55+	67+
00-99 Alle næringer	291	96	1362	28 %	7 %
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	25	22	96	49 %	23 %
05-09 Bergverksdrift og utvinning	:	:	0		
10-33 Industri	:	:	0		
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	0	0	11	0 %	0 %
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	23	8	196	16 %	4 %
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	14	5	108	18 %	5 %
49-53 Transport og lagring	38	11	75	65 %	15 %
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	:	:	0		
58-63 Informasjon og kommunikasjon	3	3	36	17 %	8 %
64-66 Finansiering og forsikring	:	:	0		
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	14	4	53	34 %	8 %
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	3	3	32	19 %	9 %
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	11	0	48	23 %	0 %
85 Undervisning	55	4	198	30 %	2 %
86-88 Helse- og sosialtjenester	88	18	413	26 %	4 %
90-99 Personlig tjenesteyting	4	7	34	32 %	21 %
00 Uoppgitt	0	6	6	100 %	100 %

Del av større bu- og arbeidsmarknadsregion

Totalt 406 personar bur i andre kommunar og pendlar til arbeidsplass i kommunen i 2023. Det betyr at ca 30% av arbeidsplassane blir dekkja av personar som pendlar til kommunen, og ca 29% av dei som bur i kommunen og er sysselsett har arbeidsplass utanfor kommunen.

- Størst innpendling frå Askvoll, Sunnfjord og Hyllestad
- Størst utpendling til Sunnfjord, Askvoll og Bergen

Jobbar i Fjaler, bur i andre kommunar			Bur i Fjaler - jobbar i andre kommunar		
Innpendling frå	2022	2023	Utpendling	2022	2023
Askvoll	115	105	Sunnfjord	146	143
Sunnfjord	98	103	Askvoll	50	54
Hyllestad	85	78	Bergen	49	47
Høyanger	22	25	Hyllestad	47	42
Bergen	16	14	Oslo	17	17
Solund	11	12	Sokkelen sør for 62N	8	11
Gulen	9	11	Gulen	9	10
Kinn	8	10	Kinn	9	7
Alver	3	4	Sogndal	4	5
Andre < 3 personar	38	44	Høyanger	4	4
			Solund	0	3
			Andre <3 personar	57	49
Sum innpendling	405	406	Sum utpendling	400	392
Fjaler	961	955			
Total sysselsetting	1366	1361			

SAMFERDESEL OG INFRASTRUKTUR

Bilparken

Tal på elbilar i kommunen aukar. Tilsvarande når det gjelder ladepunkt.

	2021	2022	2023
Elbilar (antal)	119	208	...
Ladepunkt	8	11	28


SSB: tabell 13227

Fjaler kommune har i dag ikkje ein plan for utbygging av elbilar.

Kommunale vegar

I 2023 var andelen vegar tilrettelagt for syklende 2,7%. Andel kommunale vegar med belysning på 20,5%. Andel kommunale vegar utan fast dekke 13,7% mot 40% for kommunegruppa.

Fjaler kommune er ein distriktskommune med eit stort veg nett og vil av naturlege grunnar ha ein låg andel vegar tilrettelagt for syklende og andel vegar med belysning. Fast dekke på kommunale vegar har vore ei prioritering over tid og her er andelen høgere enn kommunegruppa



	2022		2023	
	Fjaler	Kommgr 5 Fjaler	Fjaler	Kommgr 5
Andel km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale veier (prosent)	2,7	8,8	2,7	8,5
Andel kommunale veier og gater med belysning av alle kommunale veier og gater (prosent)	20,5	44,9	20,5	46,0
Andel kommunale veier og gater utan fast dekke av alle kommunale veier og gater (prosent)	15,1	38,3	13,7	40,5

Kollektivtilbod

Ungdataundersøkelsen 2021 viser at ungdom er misfornøgd med kollektivtilbodet i kommunen. Prosentandelen som synes kollektivtilbodet der dei bur er bra, er 34% mot heile Norge der 64% er fornøgd med kollektivtilbodet.

<https://www.ungdata.no/kartside/>

Breiband og EKOM-nett

For innbyggjarane, næringsliv og besøkande i Fjaler, er breiband viktig for å oppnå og god kommunikasjons med omverda med mål om å oppnå positiv folketalsvekst ved å bli ein attraktiv kommune for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.

I Fjaler kommune har dei fleste innbyggjarane (95%) breiband med grunnleggande god kvalitet (nedlastingskapasitet på 30 Mbit/s). Andelen med 100Mbit/s er noko lågare – med 76%. Etter at pågåande utbyggingsprosjekt er ferdig våren 2024, vil andelen med 100Mbit/s eller betre vere 100%.

<https://dekningskart.nkom.no/>

Vatn og avløp

Vatn og avløp er ein viktig del av infrastrukturen til Fjaler kommune og har likt mange av kommunane i Noreg eit vedlikehaldsetterslep og utfordringar i høve nye krav til rensing og forsyningstryggleik. ROS-analyse viser at vi har liten kapasitet til å forsyne innbyggjarane ved straumutfall (ca 6 timar kapasitet i høgdebasseng). I tillegg og som følgje av klimaendringane så aukar problema med overflatevatten. Kommunane vil måtte gjennomføre til som følgje av strengare krav til drikkevassforsyning og betre avløpsrensing. Tal frå effektivitetsbarometeret VA 2024:

BAROMETERSTAND VA - FJALER KOMMUNE

Tabellen viser Fjaler kommunes rangering blant alle landets kommuner. Rangeringen vises for hvert perspektiv, for vann og avløp, samt totalt. 1 er best og alle perspektiver er vektet likt.

Kostnad, vann	Infrastruktur, vann	Lekkasje, vann	Kostnad, avløp	Infrastruktur, avløp
199	258	270	112	292
274			243	
264				

Tabell 1. Rangering per perspektiv, tjeneste og totalt – 1 er best

Samlet rangering for vann er 274 og for avløp 243. Totalt er Fjaler kommune nummer 264 blant alle landets kommuner.

RISIKO OG SÅRBARHEIT


Klimaprofil for Sogn og Fjordane

[Klimaprofil Sogn og Fjordane - Norsk klimaservicesenter](#)


Mykje av innhaldet i klimaprofilen er henta frå «[Klima i Norge 2100](#)» [2] og har fokus på endringar i fram mot slutten av hundreåret (2071–2100) samanlikna med 1971–2000. Utrekningane baserer seg på analysar av nedskalerte klimamodellar frå IPCCs femte hovudrapport frå 2013 (AR5).

Størst utfordringar er knytt til ekstrem nedbør, regnflom, jord-, flaum- og sørpeskred og Stormflo. Mogeleg vesentleg auke er knytt til tørke, isgang og snøskred. Problem med isgang opplevde vi i større grad enn tidlegare no sist vinter i Guddal. Kapasitet til å ta unna overflatevatn er òg ei utfordring som gjer til at vi må gjennomføre investeringsprosjekt i kulvertar. Tilsvarande utfordringar har vi når det gjelder regnflom og alder på bruer.

VESENTLEG AUKE	
 Ekstrem nedbør	Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatt.
 Regnflom	Det er venta fleire og større regnflaumar, og i mindre bekkar og elver må ein vente ei auke i flaumvassføringa.
 Jord-, flom- og sørpeskred	Auka fare som følgje av auka nedbørmengder.
 Stormflo	Som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivå.
MOGELEG VESENTLEG AUKE	
 Tørke	Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren.
 Isgang	Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgangar samt isgangar høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten.
 Snøskred	Med eit varmare og våtare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område.
SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE	
 Snøsmelteflom	Snøsmelteflaumar vil komme stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret.
USIKKERT	
 Sterk vind	Truleg lita endring.
 Steinsprang og steinskred	Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane, men hovudsakleg for mindre steinspranghendingar.
 Fjellskred	Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg.



Figur 1a. Figuren viser utvikling av årstemperatur i Sogn og Fjordane for perioden 1900–2100. Verdiane viser avvik (°C) frå perioden 1971–2000. Blå prikkar viser avvik for enkeltår i perioden 1900–2014, stipla raud strek er trend, medan raud strek viser glatta 10-års variasjonar. Grå strek og stipla grå strekar viser høvesvis midlare verdi, låg og høg modellberekning for høge klimagassutslepp.



Figur 1b. Tilsvarende som for figur 1a, men verdiane viser nedbørravvik (%) frå perioden 1971–2000.

God planlegging

Klimaendringane kan bidra til store øydeleggingar på infrastruktur og eigedom. Kunnskap om fareområde er viktig for å førebyggje skader frå flaum, stormflod og skred. Kommuneplanen sin arealdel er ein viktig reiskap for å sette krav til klimatilpassingstiltak, og styre arealbruken bort frå fareområde.

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i 2024 og er oppdatert i høve til ulike omsyn og tema som skred, flaum, marin leire med vidare. Det betyr at vi har eit oppdatert planverk som vil gjere det enklare og med betre kvalitet å handsame byggesaker og reguleringsplanar. Samfunnsdelen av kommuneplanen er planlagt revidert i løpet av dei neste to åra.

Samfunnstryggleik, beredskap, klimatilpassing

Fjaler kommune vedtok heilskapleg ROS-analyse i 2023. ROS-analysen bidreg til å gjer oversikt og auke kunnskapen om dei risiko- og sårbarheitstilhøve som er å finne i og utafor kommunen. Målet er å oppnå eit godt planleggings- og beslutningsgrunnlag for det vidare førebyggjande arbeidet med samfunnstryggleik, for slik å styrke beredskapen og evna til krisehandtering til beste for samfunnet og Fjaler kommune sine innbyggjarar.

Av viktige tiltak til oppfølging er:

- Ny hovudplan for avløp og overflatevatn (pågåar)
- Møte i samarbeidsorgan – beredskapsråd

NOU 2023:17 – RUSTET FOR EIN USIKKER FRAMTID

Totalberedskapskommisjonen var oppnemnd for å vurdere korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogeleg. Kommisjonen drøfting av det heilheitlege risiko-, sårbarheits- og trusselbilette tek utgangspunkt i fire faktorar som treff Noreg breidt: Stormaktsrivalisering, teknologisk utvikling, klimaendringane og demografiske endringar. Kommisjonen sin vurdering av norsk beredskap tilseie eit stort behov for å prioritere tryggleik og beredskap.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-17/id2982767/>

Hovudanbefalingar som vi må ta inn i vår planlegging er:


Anbefaling	Tiltak
Ein motstandsdyktig og utholdande befolkning	Fokus på eigenberedskap (nye råd) – informasjon
Styrke lokalt og regionalt nivå i beredskap	Beredskapsråd på tvers av kommunane (Politi, Sivilforsvar, Energiselskap, HV, Røde Kors, RS m.v)
Styrke tverrsektorielt samarbeid	Samarbeid på tvers (endå betre)
Styrke beredskapsrolla til frivillige organisasjonar	Lage frivilligstrategi
Forsterke arbeid med infrastrktur og tryggleik	Øve på bortfall av straum, it – etablere alternative løysingar
Styrke forsyningstryggleiken	Energi – mat
Vidareutvikle grunnberedskapen	...avhengig av innspel frå statsforvaltar – nasjonale mynde
Utvikle nasjonal situasjonsforståelse, leing og einheitlege rådsstruktur	Nasjonalt mynde – kommunisere via statsforvaltar

<https://www.nsr-org.no/uploads/documents/NSK-2023-Presentasjoner/Totalberedskapskommisjonen-NOU-NSR-19.-sept-2023.pdf>


KLIMA OG MILJØ

Klimagassutslepp

Mål 1- Redusere utslippet av klimagassar



Grafen i figur 1 viser direkte klimautslepp i Fjaler for 2021, fordelt på utslippsskilder. Data for 2022 eller 2023 er ikkje tilgjengelege endå. Dagens klimautslepp kan gje ein indikator på kor reduksjonen av utslepp kan skje. Grafen til høgre i figur 1 viser reduksjonen som må gjennomførast for at Fjaler skal kunne oppfylle sin del av dei nasjonale måla om reduksjon av klimagassutslepp.



<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=699§or=-2>

I tillegg til jordbruk som for Fjaler representera den største utsleppssektoren, er det kunn «Annen mobil forbrøning» som har ein nedgang dei siste 10 åra.

Totalt har Fjaler eit utslepp på 16 715 tonn CO₂-e i året. Det tilsvarer 5,8 tonn pr innbyggjar. – og plasserer Fjaler på 88 plass av kommunane i Norge. Mellom 2009 – 2021 har reduksjonen vore 15,2%. Utslepp frå livsstilen til innbyggjarane ligg på 14,0 tonn. Landssnittet ligg på 12,1 tonn.

Klimagassutslappa kan kuttast med opptil 70% meir om vi tek grep for å redusere forbruk og sløsing, ifølgje FN.


Aktuelle tiltak kan vere:

Tiltak	Status/Korleis
Gjere bildeling enklare	Felleskøyring til kurs og møter
Tilrettelegge for kortreiste ferier	
Meir berekraftig mat	Matsvinn er både dyrt og fører til store klimautslepp. Redusert kjøttforbruk i kommunale institusjonar og tiltak som kutter i matsvinnet har stor effekt
Gjere ombruk enklare	Bua er eit positiv tiltak som er populært – utlån av sportsutstyr
Elektrifisere meir transport	Fjaler skifta til elbil der det er mogeleg. Tal el-bilar har auka siste åra
Prioritere vedlikehald	I siste åra har det vore brukt og sett av midlar til oppgradering/ombygging av kommunale bygg
Bli arealnøytrale	Ny arealdel ivareteke bruk av natur mykje betre enn tidlegare. Ikkje bygge ned natur, men utnytte eksisterande bygningar og allereie brukt areal så effektivt som mogleg.
Tilrettelegge for meir sykling	Det er avgrensa med muligheiter for sykkelveggar
Grønt reklameforbod	Innfør forbud mot reklame for varer og tjenester med store klimagassutslipp på kommunal eiendom

<https://kommune.framtiden.no/kommuner/fjaler>

Reduksjon av avfall

Sunnfjord Miljøverk sine årsmeldingar har vist ein reduksjon i levert avfall frå husholdningane. Samtidig har det vore ein auke i levert avfall til gjenvinningsstasjonane i området. Fokuset på energi, klima og miljø dei siste åra viser i form av ein sakte reduksjon i avfallsmengd og sortering av avfall.



AREAL, NATUR OG KULTURMINNE

Fjaler har ei samla flatevidd på 416,6 km². Av dette er om lag 7 km² øyar og 26,2 km² innsjøar. Det er 2869 innbyggjarar pr 31.12.23. Om lag 50% bur i tettbygde strøk.

Areal

Fjaler kommune vedtok i kommunestyremøte 21.3.24 ny kommuneplanen sin arealdel (2024-36). Det er lagt ned eit stort arbeid med å tilpasse planen til gjeldande nasjonale føringar og dei endringar som har vore i lover og retningslinjer sidan 2009. Samtidig har det vore eit mål å kunne ha ein plan som legg til grunn at det skal kunne vere mogeleg å busette seg i alle deler av kommunen. Det er i planen sett av 2.058 daa til bygningar og anlegg, inkludert byggeområda i LNF-spreidd. I planen for 2009 var det sett av 10,000 daa enn i den nye planen.

Føremål	Daa byggeområde i 2009-planen	Daa byggeområde i ny plan 2024
Bustadområde	Ca 1000 daa	312 daa
Industri/næring	Ca 3000 daa	259 daa
Fritidsbustadar	Ca 4000 daa	294 daa

Naturmangfald

Vi er alle avhengig av eit berekraftig naturmangfald med eit berekraftig artsmangfald for å kunne overleve på jorda. Kommunane har gjennom plan- og bygningslova hovudansvaret for å disponere areala i Noreg. Dette er ei sentral rolle i arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet.

Det er 5 naturvernområde i Fjaler:

Stad	Oppretta	Storleik
Myrbærskjera naturreservat som består av et område vest for Lutelandet	28.5.93	431 daa
Holmelidholmen naturreservat består av en holme i Dalsfjorden	28.5.93	23 daa
Lona naturreservat i område vest i Fjaler (Hellevik)	18.6.04	414 daa
Sørebømyrane naturreservat i Guddal (Sørebø)	18.6.04	1158 daa
Ospehaug naturreservat på Nordsida av Guddal	27.11.20	574 daa

https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase/enkelt-sok/?ds=1&f1=46_Vestland&f2=46_Fjaler

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ifølgje kulturminnesøk, 109 kulturminne og miljø i Fjaler som er automatisk freda. I Kulturminneplanen for Fjaler 2019-2023 er det lagt opp til fire prioriterte satsingsområde, 1. Fornminne, 2. Særprega bygningsmiljø, 3. Industrihistorie, 4. Samferdsel og kommunikasjonar

Kulturminneplanen skal sikre at:

- vi får kartlagt, tatt vare på og synleggjort eit breitt spekter av kulturminne og kulturmiljø i Fjaler kommune
- det blir lagt til rette for at dei ulike kulturminna kan opplevast og gje kunnskap om fortida gjennom formidling og andre tiltak
- dei mest verdfulle kulturminna vert skjerma frå ytre påverknad og skade slik at dei ikkje går tapt. På sikt kan det vere aktuelt å opprette omsynssoner der det er påkravd

Landbruk og jordvern

Fjaler kommune har 22,741 daa registrert jordbruksareal (NIBO arealbarometer 2023), neste på snittet i fylket. Nokre statistiske data:

- 83% av grovforarealet der det er omsøkt produksjonstilskott, men kun 66% av innmarksbeita, dvs 1/3 del av jordbruksarealet i kommunen
- Grovfôrarealet går til 30 føretak innan mjølkeproduksjon som står for 74% av verdiskapinga. Dette gir ca 20 kyr på bruk og er under snittet og indikerer utfordringar for framtidig utvikling av den viktige mjølkeproduksjonen
- 2322 vinterfôra sauer på 58 føretak truleg står for det meste av drifta av innmarksbeita og 12% av verdiskapinga. Snitt på 40 pr bruk mot 51 i Vestland indikerer ei utfordring for både jordbruksproduksjonen og skjøtsel av kulturlandskapet i framtida.
- 13 føretak med produksjon av geitemjølke og bortimot 5% av dyretalet i fylke.

Prioriteringar framover (påpeika av Statsforvaltaren)

- Kartlegging og utpeiking av kjerneområda
- Vurdere eigen temaplan for landbruk

- Fastsetting av lokalt jordvernmål med utgangspunkt i reelle behov og nasjonale jordvernmål
- Ta omsyn til arealstrategiar, jordbruksareal (vern) og kulturlandskap i kommunedelplan for Dale – omsynssoner og langsiktige utbyggingsgrenser.

NVE – nemner i si fråsegn at kommunen sin arealstrategi bør gi ei tydeleg retning på korleis samfunnet skal tilpasse naturfare på lang sikt og i eit endra klima.

Vidare peikar dei på viktigheita av at det blir teke

SAMARBEID

Interkommunale samarbeid

Fjaler kommune er med på ei rekkje med samarbeid. Samarbeid er viktig for at vi skal vere i stand til å levere gode tenester, dvs god forvaltning, tenesteproduksjon og drive med utvikling innan dei områda kor ein samarbeider.

I kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen til Vestland fylke for 2024-2028 under tema Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon for å møte utfordringane står følgjande

Utfordringsrapporten viser dei store samfunnsutfordringane og samanhengar mellom desse. Målet er ei felles forståing av utviklingsbehova. Denne får vi med å gripe moglegheitene som ligg i samarbeid og samskaping i Vestland i åra framover. Berekraftsarbeid krev eit framtidsperspektiv. Berekraft inneber dessutan endringsarbeid gjennom satsing på forskning, utvikling og endringskapasitet i heile samfunnet. Dette gir tre mogleghetsrom for ei berekraftig utvikling:

- Behov for tettare samarbeid og samordning.
- Satsing på forskning og innovasjon.
- Effektiv planlegging for å kome til berekraftsløysingar.

<https://experience.arcgis.com/experience/7e072f07bcd24d78ae95970ba841bd81/page/Korleis-m%C3%B8te-utfordringane%3F/>

Fjaler har i dag om lag 36 ulike samarbeid – organisert som vertskommune, IKS, oppgåvefelleskap, AS eller samarbeidsavtale. Samarbeida famnar om alle sektorar - helse, oppvekst, teknisk, kultur og stabs- og støttefunksjonar. Med unntak av at HAFS regionråd vart oppløyst som følgje av etablering av Fjordane interkommunale politiske råd, er det ingen samarbeid som har vore oppløyst.

Nokre av samarbeida som Fjaler har med andre kommunar er:

HAFS interkommunale barnevern: Eit samarbeid om barnevernstenesta med kommunane i HAFS der Fjaler er vertskommune.

PPT: Eit samarbeid med kommunane med kommunane i HAFS og Høyanger der Fjaler er vertskommune.

SYS IKT kommunalt oppgåvefelleskap: Eit samarbeid med kommunane i HAFS, Sunnfjord, Høyanger, Luster og Vik – drift og fellestenestar for alle ikt-løysingar.

SYS IKL: Eit samarbeid med kommunane i HAFS, Sunnfjord, Kinn, Bremanger, Gloppen – legevakt, akuttmottak for vold, øyeblikkeleg hjelp på døgn.

Alarmsentralen IKS: Eit samarbeid med 17 kommunar i Sogn og Fjordane - for respons- og kompetansesenter brannvern

Sunnfjord Miljøverk IKS: Eit samarbeid med kommunarn i Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord om handtering av avfall.

BKK AS: Eit samarbeid – eigarskap i produksjon og overføring av energi samt verksemd knytt til dette.

Vestland Revisjon – eit samarbeid med 16 kommunar om revisjonstenestar.

Behov for tettare samarbeid og samordning

I Vestland fylke sitt utfordringdokument for 2024-2028 er det peika på behov for tettare samarbeid og samordning, satsing på forskning og innovasjon, effektiv planlegging for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling. Det betyr for Fjaler som ikkje har noko moglegheiter ressursmessig å jobbe med forskning og innovasjon – eit tettare samarbeid på dei fleste område der vi skal levere gode tenester, vere gode på forvaltning og drive med samfunnsutvikling.

<https://experience.arcgis.com/experience/7e072f07bcd24d78ae95970ba841bd81/>

I Vestland fylke sin framtidsscenario – scenarieutvikling 2040 er det nokre hovudscenariora, dvs skildring av moglege framtider:

- Nøysame Vestland
- KI-drivne Vestland
- Tryggleiks Vestland
- Klimaherja Vestland

Scenaria blir brukt som verktøy for å identifisere utviklingsbilete og det gir moglegheit til å kartlegge, forstå og reagere på trendar som påverkar framtida.

<https://storymaps.arcgis.com/collections/940a8355d3bb4cd6883ee0cf592e0404?item=1>

Kommunal- og distriktsdepartementet er tydeleg på at ein må tenke nytt rundt samanheng mellom nærings-, samfunns- og tenesteutvikling – samskaping.

Samarbeid på tvers – gir bedre resultat

- Over 100 internasjonale studier har vist samme resultat: Den største forskjellen mellom vellykkede organisasjoner og de andre er **evnen til å samarbeide på tvers** av funksjoner og avdelinger rundt kjerneoppgavene.
- Det de har felles er at de setter **oppgaven i sentrum** og legger til rette for **tværfaglig og tverrorganisatorisk samarbeid**.
- De har betydelig **bedre resultater** på kvalitet, effektivitet, kunde/brukertilfredshet og medarbeidertilfredshet.

Jody Hoffer Gittel
Professor, Brandeis
University
Director, Relational
Coordination Research
Collaborative



KOMMUNEN SIN ØKONOMI

Finansielle nøkkeltal


Fjaler kommune har i gjeldande økonomiplan definert tre måltala som vil vere viktig i åra framover:

- Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter
- Lånegjeld i prosent av driftsinntekter

- Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin langsiktige økonomiske balanse og handlefridom. Negativt netto driftsresultat tyder på at vi brukar meir enn vi tener, positivt netto driftsresultat betyr at kommunen driv med overskot og kan sette midlar av til driftsfond og framtidige investeringar.



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	117,6 %	140,3 %	131,3 %	129,4 %
Kostragruppe 05	97,0 %	94,8 %	92,4 %	90,5 %

Det vil sei at netto driftsresultat syner kva kommunen har til rådvelde til å eigenfinansiere investeringar og bygge opp reservar. TBU ha berekna at kommunane bør ha eit netto driftsresultat på 1,75%, men at ein bør gjere lokale vurderingar knytt til fastsetjing av måltalet. Fjaler kommune har eit mål at vi innan 2026 skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,25%.

Langsiktig gjeld

Fjaler kommune har vedteke ei målsetjing om at innan 2026 skal gjeldsgrada til kommunen ligge på 130 % av brutto driftsinntekter. Dette er brutto lånegjeld. Det vil sei at vi ikkje har korrigert for ubrukte lånemidlar, lån til vidare utlån og lån til sjølvkostområda. Ved utgangen av 2023 er gjeldsgrada til kommunen på 129,4%

Når det gjeld målsetjinga til Fjaler kommune er ei gjeldsgrad på 130% langt over det som er anbefalt, men vi har ei veldig høg lånegjeld, difor er målsetjinga sett relativt høgt, men er basert på det vi meiner er realistisk. Årsaka til at gjeldsgrada til kommunen er redusert årleg frå år 2021 er ikkje at vi har redusert lånegjelda, men at nivået på driftsinntektene som vi måler mot aukar årleg.



	2020	2021	2022	2023
Fjaler	-1,4 %	1,3 %	7,3 %	-3,0 %
Kostragruppe 05	1,8 %	4,4 %	4,1 %	3,8 %


Lånegjeld utover 75% (anbefalt nivå) av kommune sine inntekter reduserer handlefriheita. Gjeld utover 100% gir

låg handlefriheit. For å redusere gjeldsgraden er det ein føresetnad at vi klarar å unngå nettoauke i lånegjelda. Det blir òg viktig å sjå investeringsbehovet i ein 10-15 års perspektiv. Vi har behov for å bygge fleire omsorgsbustader for personar med behov for heildøgntjenester, det er behov for å rehabiliterer sjukeheim og omsorgsbustadar som er bygt i perioden 1970-2000. Det er behov for rehabilitering eventuelt bygge ny barnehage i Flekke og det ynskjeleg med ny skule i Flekke.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet syner kor mykje kommunen har sett til side, eller har til disposisjon for seinare drifts- og investeringsføremål. Disposisjonsfondet er det einaste fondet som fritt kan nyttast til dekking av utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen. Disposisjonsfondet er difor delen av «reservane» som det beste uttrykket for den økonomiske handlefridomen.

Kommunen bør til ei kvar tid ein buffer til å møte uføresette hendingar, som svikt i inntektene eller auke i utgiftene. Oppbygging av eit disposisjonsfond kan og bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane.



den
gjev

ha

	2020	2021	2022	2023
Fjaler	3,9 %	6,3 %	13,4 %	9,6 %
Kostragruppe 05	10,6 %	13,6 %	16,1 %	16,5 %

Saldo på disposisjonsfondet var ved utgangen av 2023 på kr 36,6 mill., dette er ein reduksjon frå 2022 på kr 12,9 mill.

Kommunestyret i Fjaler har vedteke eit økonomisk måltal på disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter på >8%. Det vil sei at for å nå målsetjinga skal saldo på disposisjonsfondet som eit minimum vere kr 31.13 mill (9,6%).

Dersom Fjaler skulle hadde hatt eit disposisjonsfond på snitt med Kostra-gruppa hadde det utgjort kr 62,8 mill.

Kommunal økonomiske berekraft - Effektivitet, kvalitet + kostnader og storleiken på tenestene


Fjaler har jamt over god kvalitet på tenestande og driv billigare enn kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

Målet er å betre økonomien med kr 17 mill + i planperioden.

For å nå dagens måltal på 1,25% i netto driftsresultat må økonomien betrast med 20 mill.


Mål for berekraftig økonomi må som nemnt sjåast i samband med framtidig investeringsbehov.

I lys av auke i tal eldre og at det blir færre elevar i skulen, så skal vi planlegge for å endre drifta, samtidig ta ned driftskostnadane og planlegge for ei økonomisk berekraft som gjev rom for å kunne handtere framtidig investeringsbehov og framtidig ynskjer for investering.



Figuren viser Fjaler (raude strekar) sin paramater i høve modell for kommunal økonomisk bærekraft. Det er kun nivå på disposisjonfondet som har positive verdiar i høve føresetnader for økonomisk bærekraft.

4646 Fjaler rangeres som nummer 271 i Kommuneindeksen 2024



Tall for 2023 viser at vi har eit potensiale til å betre økonomien, men at det vil vere krevjande å nå dei anbefalte måltala for berekraftig økonomi.

For å lykkast med å med å levere tenester med god kvalitet er vi avhengig av å ha eit lavt kostnadsnivå er det viktig at alle har lik oppfatning av verkelegheita og kan einast om framtidig målsetting. Dette er eit arbeid som pågår og vil vere viktig å lykkast med framover.

Fjaler til liks med andre kommunar i Noreg må levere god kvalitet fordi det er ein grunnleggande føresetnad for å evne å vri tenestene til meir tidlege innsats (heng i hop med kvalitet), evne å behalde og rekruttere og sikre ein heilheitleg bustadutvikling som gjer at dei eldste innbyggjarane blir meir sjølvhjelpne.

DEMOKRATIUTVIKLING

Valdeltaking

Valdeltaking	Fjaler kommune	Vestland fylke	Heile landet
Kommunestyreval 2023	67,6%	65,2%	62,4%
Fylkestingsval 2023	63,7	60,9%	57,3%
Stortingsval 2021	78,5	*79,7% (Sogn og Fjordane)	77,2%

Både i sist kommunestyre-, fylkestings- og stortingsval har Fjaler hatt høgare valdeltaking enn snittet for fylket og landet (unntak, stortingsvalsdeltaking for fylke som var marginalt høgare).

Kommunestyre

Parti	Tal medlemmar (endring)
Senterpartiet	6 (-1)
AP	5 (+1)
H	4 (+2)
V	4 (-1)
MDG	2 (0)
SV	2 (0)

I Fjaler er det 6 politiske parti i kommunestyre, med totalt 23 medlemmer. 44% av medlemmene er kvinner, 56% menn.

Kommunane i framtida

Kommunal- og distriktsdepartementet (KRD) ynskjer «eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida»


Det betyr mellom anna:

- Betre samordning mellom statlege sektorar
- At folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg
- At alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping
- At folketalet skal auke i distriktskommunar
- Meir makt til lokalsamfunna
- Tettare samarbeid mellom distriktskommunar om felles utfordringar
- Staten som aktiv part, statleg medfinansiering av prosjekt
- Enklare å bygge og bu i distrikta, Husbankenordningar, auka låneramme, lån til utleigebustadar, bu trygt heime
- Staten skal vere tilstades i heile Noreg – arbeidsplassar og tenester i heile landet.
- Desentralisert helseteneste, styrke politiet
- Forsterka digital grunnmur og digitale løysingar
- Meir desentralisert og fleksibel utdanning – Studiesenteret kysten
- Ein aktiv næringspolitikk, meir kraft, meir nett og meir effektiv bruk av kraft
- Auka inntekter og råderett over naturressursane
- Trygg mat og levande lokalsamfunn. Auka sjølvforsyning og mattryggleik
- Transport og infrastruktur som bind landet saman, Ras og skredsikring, gratisferjer, låge prisar på kollektivtransport, fly


Vi er ein av 209 kommunar i sentralitetsgruppe 5 og 6:

Dei typiske distriktskommunane

- **Sentralitet 5 og 6:** 209 kommunar. 72 % av arealet, 14% av folketallet
- **Sentralitet 4:** Distrikta sine byar (Førde) 16 % av befolkninga, 71 kommunar
- Einsidig næringsstruktur - sårbart
- Sterkt aldrende befolkning
- Aukande forsørgarbyrde



Kommunalt og distriktsdepartementet



Grep for god demokratisk styring

Utdrag frå KS sitt temahefte Lokalt demokrati og kommunalt selvstyre: "To spørsmål melder seg når det gjelder fremtidens kommune, nemlig hvilke oppgaver som skal løses, og på hvilken måte man bør organisere seg for å løse dem best mulig." "Noe av det viktigste er at den interne organisasjonskulturen preges av tillit, åpenhet og inkludering. Dette bekreftes ved at de kommunene med størst åpenhet og muligheter for innsyn, også har de mest tilfredse innbyggerne.

Organisasjonsstruktur er viktig, og da med tydelige ansvarslinjer, god rolleavklaring og gode delegeringsvaner. Informasjonstiltak er også viktig. Det bør være åpenhet og innsyn mellom politikerne og sivilsamfunnet, og innad i kommunen mellom politikere og administrasjon. På samme måte er det å ha klarhet i hvem som sitter på ansvaret for de ulike sakene og beslutningene, viktig for opplevelsen av demokrati»

Fjaler har mål om å gje politikarane best mogeleg beslutningstøtte informasjon, sikre godt samarbeidsklima og tillit og ha med innbyggjarperspektiv i levering av tenester, forvaltning og samfunnsutviklingsarbeidet.

Tiltak er og har vore: informasjonsøker, gruppearbeid, gode saksutgreiingar, samarbeidsmøter, oppdatert arbeidsgivarpolitikk, rollekart, reglement for folkevalde, delegasjonsreglement, politikaropplæring og introduksjonsprogram for tilsette, sikring av oppfølging av vedtak, lojalitet til vedtak.

I åpenhetsbarometeret for 2023 kom Fjaler som nr 36 med 22 av 25 poeng.

<https://presse.no/offentlighet-nyhet/apenhetsbarometeret-2023/>

STATUS PLANOPPGÅVER 2020-2024

Perioden har vore prega av turnover i organisasjonen, vakante stillingar og utfordringar med å få avslutta pågåande planarbeid. Dette skyldast i hovudsak hyppige endring og nye nasjonale krav og føringar særleg i arealplanarbeid, jf marin leire-, skred- og flaumproblematikk.

Av 19 planar i planstrategien for 2020-2024 er status som følgjer:

- 4 er ferdigstilt (herav 2 som var påbegynt i førre periode)
- 7 er ikkje påbegynt
- 4 er påbegynt, ikkje avslutta
- 2 er vidareført

I tillegg og der nokre av planane ligg inn i dei som er nemnt ovanfor har kommunen nær 50 planar i kategorien, kommuneplan, kommunedelplan, temaplanar, strategiplanar, detaljreguleringsplanar, handlingsplanar.

Statsforvaltaren oppmodar kommunane om å gjennomføre planvask. Det betyr redusere tal planar, sjå på moglegheitene til å slå saman planar og i tillegg sjå på moglegheitene for å samarbeid med nabokommunar om utarbeiding av planar.

Det har ikkje vore særleg grad av mål og planarbeid – verksemdstyring i Fjaler kommune dei siste åra. Det har gjort til at planar, reglement og rutinar er utdatert. Sjølv om det blir jobba godt i einingane så viser tilsyna vi har hatt siste åra avvik mellom rutine og arbeidsutførelse. Det betyr at det òg er behov for å få fokus på revisjon av dokument og opplæring.

Tiltak for god demokratisk styring:

APENHET: Gi informasjon og innsyn til befolkning, presse og folkevalgte

DEBATT: Ta den reelle politiske debatten ut i offentligheten

PÅLITELIGHET: Ha skriftlige prosedyrer for vedtak og gi innsyn i beslutningsgrunnlag

ANSVARLIGHET: Ha en tydelig og skriftlig rolle- og ansvarsavklaring mellom de politiske nivåene og mellom politikere og administrasjon

BORGERNÆRHET: Etablere kanaler for deltakelse, rutiner for å innarbeide innspill og for å formidle hvordan innspill tas til etterretning.

EFFEKTIVITET: Ha en kontrollert delegering. Etablere underutvalg med beslutningsmyndighet, delegerer saker som ikke er av overordnet karakter, og ha tillit og klare ansvarslinjer.

FOLKEVALGTES ROLLEKOMFORT: Aktivisere hele kommunestyret og inkludere opposisjonen i reelle politiske diskusjoner

SAMANDRAG

Demografi

- Vi har ein svak vekst i folketalet i hovudsak grunna auke i tal flyktningar
- Folketalet i bygdene har minka. Noko auke i sentrumsområda
- Fødselstala varierar frå 13-30, med snitt på 24 (siste 5 år), men med unntak av 2019 og 2020 har vi fødselsunderskot.
- I 2030 vil tal eldre i gruppa 80-89 ha auka med 20% (33) og i 2040 med 40% (62)
- I 2040 vil tal eldre i gruppa 90 ha auka med 80% (16) og i 2040 med 220% (44)
- Frå 2030 er det fleire eldre enn yngre.

Folkehelse

- Fjaler skorar betre eller er lik snittet på dei fleste parameter i folkehelsebarometeret
- Vi har høgare andel innbyggjarar i gruppa 45+ som leiger bustad
- Vi har lågare meistringsnivå i lesing for 5.trinnet
- Vi har også ein lågare andel tilsette i barnehagen med utdanning
- I aldersgruppa 15-24 år har vi mange som står utanfor (usikkerheit i tala grunna UWC)
- Vi har høgare andel overvekt og fedme, 17 år (sesjon) (tala viser positiv utvikling)
- Trivsel og aktivitetsnivå viser ei positiv utvikling og er bra.
- Vi har mange som er fysisk aktive 17 år og har lågare andel skjermtid over 4t
- Folkehelseoversikt 2021-24 peikar på tre hovudutfordringar; sosial ulikskap, fysisk aktivitet/fedme, psykisk helse

Bustadbehov – kommunale bustadar og institusjonsplassar

- Fjaler kommune har ingen ledige bustadar og meir enn 15% av kapasiteten er dekkja gjennom ekstern leige.
- Fjaler driv helsetenestene utifrå 4 ulik lokasjonar og har for å kunne drive effektivt eit mål om 2 i framtida.
- Det er planlagt ein ny lokasjon i sentrum for lege, psykisk helse og helsestasjon
- Mesteparten av bygningsmassen er frå 1970-2000 og der det er gjort noko vedlikehaldsprosjekt siste 10 åra.
- Behov for vedlikehald av institusjonsdelen og omsorgsdelen ved helsetunet er 40-50 mill dei neste 10-15 åra. Større oppgradering som td kjøkken er ikkje medrekna.
- Det pågår utarbeiding av forstudie for nye omsorgsbustadar for personar med behov for hjelp på døgn.
- Det er under utarbeiding ein analyse som vi vil noko om kommunen sitt bustadbehov (utifrå alderssamansetning og behov for tenester) inn i framtida. Rapporten vil og sei noko om korleis vi kan gje effektive tenester.
- Pleie og omsorg skorar høgt når det gjelder, kvalitet, kostnader og effektivitet – nr 28 av 356 kommunar i Noreg.
- Det er ingen byggeklare tomter som kommunen eig innforbi kommunedelplanen for Dale.

Utdanning og kompetanse

- Fjaler kommune har 3 skular og 4 barnehagar, i tillegg vaksenopplæring samt kulturskule i samarbeid med Hyllestad og Askvoll

- Fjaler har eit høgare utdanningsnivå i befolkninga enn dei andre kommunane i regionen.
- Fjaler kommune sine skular har skorar høgt på grunnskulepoeng, men noko lågare på nasjonale prøver
- Fjaler kommune har andel elevar med spesialundervisning på nivå med kommunegruppa.
- Eleveundersøking for 7. trinn og 10. trinn viser gode resultat – god trivsel.

Kultur, fritid og deltaking

- Større andel av ungdommane er med på organiserte fritidsaktivitetar og er fysisk aktive.
- Samvirke representerer ein ny møteplass.
- Besøkstala i bibliotek er stabile, men noko låge
- Besøkstala på kino viser ein auke
- Fjaler skorar høgt på sentrale tildelingar og frivillighet

Næring – Næringsliv og sysselsetting

- Fjaler har hatt ei positiv utvikling i tal arbeidsplassar siste 10 åra.
- Helse, undervisning og bygge- og anleggsverksemd er dei tre største næringane.
- Jordbruk, skogbruk og fiske samt transport har hhv 23% og 15% av dei sysselsatte som er 67 år eller eldre.
- Det er eit stort rekrutteringsbehov framover.
- Det er fleire som pendlar inn til kommunen enn det er som pendlar ut.
- Arbeidsmarknadsregionen er primært Sunnfjord, Askvoll, Hyllestad, Høyanger og Bergen.

Samferdsel og infrastruktur

- Tal elbilar og ladepunkt har auka
- Andel vegar tilrettelagt for syklende er låg, 2,7%
- Andel vegar med fast dekke (asfalt) er høg samanlikna med kommunegruppa
- Breiband og Ekom-nett er etter siste utbygging nær 100%
- Det er etterslep på vedlikehald og fornying av vatn og avløp.

Risiko og sårbarheit

- Størst utfordringar er knytt til ekstrem nedbør, regnflom, jord-, flaum- og sørpreskred og stormflo.
- Kapasitet til å ta unna overflatevatn er ei utfordring
- Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken mars -24 og har teke omsyn til utfordringar i høve skred, flaum, marin leire med vidare.
- Heilskapleg Ros-analyse vart utarbeidd og vedteken i 2023
- Utarbeiding av ny hovudplan for avløp og overflatevatn pågår
- Det er lagt til grunn auka grad av samarbeid om beredskap på tvers av kommunegrensene
- Det er eit stort behov for å prioritere tryggleik og beredskap

Klima og miljø

- Fjaler har hatt ein nedgang i utslepp siste 10 år
- Det er stor avstand frå der vi er i dag til å nå måla for 2030 (15%-55%)
- Utslepp frå livsstilen til innbyggjarane ligg over landssnittet
- Klimagassutslepp kan reduserast om vi gjer målretta tiltak
- SUM sine årsmeldingar viser ein reduksjon i levert avfall frå husholdningane

- Det har vore ein auke i leveranse til avfallsstasjonen

Areal, natur og kulturminne

- 50% av innbyggjarane bur i tettbygd strøk
- Avsatt for utbygging er redusert frå 10,000 daa til 865 daa
- Det er 5 naturvernområde i Fjaler
- Det registrert 109 kulturminne (planen for 2019-23)
- Jordbruksarealet er på 22,741 daa og på snitt med fylket
- Det er 30 føretak innan mjølkeproduksjon, 58 innan sauehald og 13 innan geitemjølkeproduksjon.
- For mjølk og sau er storleiken slik at det vil kunne bli utfordringar i høve produksjon og skjøtsel av kulturlandskapet i framtida.

Samarbeid

- Fjaler kommune er i dag 36 samarbeid som famnar om alle deler av drifta.
- Samarbeida er frå samarbeid mellom to kommunar til alle kommunane i Vestland fylke.
- Det er behov for tettare samarbeid og samordning for å få til ei berekraftig samfunnsutvikling.
- Evna til å samarbeid på tvers av funksjonar og avdelingar rundt kjerneoppgåvene er avgjerande for å kunne løyse samfunnsoppdraget.

Kommunen sin økonomi

- Finansielle nøkkeltal viser at Fjaler kommune sin økonomi ikkje er berekraftig.
- Lånegjelda er høg og netto driftsresultat er negativt.
- Kvaliteten på tenestene er jamt over god
- Kostnadsnivået er på snitt med andre kommunar eller betre (innan ulike sektorar)
- Unntak er oppvekst der vi driv dyrere enn andre
- For å sikre ein berekraftig utvikling må Fjaler kommune ta ned kostnadane, omstille tenestene i høve fleire eldre og færre i grunnskule, omstille til meir tidleg innsats og få på plass ein heilskapeleg bustadutvikling.

Demokratiutvikling

- Valdeltakinga i Fjaler er god – betre enn snitt for landet og Vestland fylke
- Kommunestyre er satt saman av 6 parti, 23 medlemmer kor 44% er kvinner
- Fjaler skorar høgt på åpenheit.

Status prioritering av planoppgåver 2020-2024 – prioriteringar framover

- Det må vere samsvar mellom ambisjonar og ressurs.
- Det har i perioden vore lengre periodar med vakanse og lite ressursar på plansida
- Det må innførast verksemdstyring og fokus på forbetningsarbeid og oppfølging av tiltak i handlingsplanar.

FORSLAG TIL TEMA OG SATSINGSOMRÅDE I KOMMUNEN SITT PLANARBEID

Med utgangspunkt i lokale utfordringar og regionale og nasjonale føringar er det 4 område som bør stå sentralt i kommunalt planarbeid i komande kommunestyreperiode og deretter. Lista er ikkje uttømmende. Det er heller ingen prioritert rekkefølge. Fleire av kulepunkta må sjåast i samanheng.

1) Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø - bygdeutvikling

- Attraktivitetstiltak, dvs stadutvikling og tiltak for å tiltrekke og behalde innbyggjarar.
- Det er behov for byggeklare tomtar i Dale-område, tilrettelegging for aldersvennleg bustadløyisingar, parkeringsareal i sentrum, tilkomst for næringsdrivande, struktur på grøntareal, betre trafikkavvikling med meir.
- Det er behov for å framskrive boligbehovet utifrå endring i demografi, behov for tenestar og behov for bustad og plassar.
- Legge til rette for framleis høg aktivitet innan fritidsaktivitetar
- Legge til rette for utviklingsaktiviteter i grendene i kommunen
- Bruke kommuneindeksen og kommunebarometeret – «beste praksis» til å planlegge vidare utvikling av kvaliteten i tenestene og effektiviteten i drifta.
- Jobbe med tiltak for sikre ei god framtidig økonomisk berekraft.
- Plan og tiltak for å rekruttere og å behalde tilsette

2) Næringsutvikling – verdiskaping og kompetanse, samarbeid kunnskapsutvikling og innovasjon

- Avklare organisering i høve nærings- og samfunnsutviklingaktivitetar og utnytte moglegheitene som ligg i samarbeid og samskaping.
- Bidra til å skape vekst i næringslivet gjennom å utvikle dei fortrinn og ressursar vi har i Fjaler.
- Jobbe med satsingsområda i næringsplanen – attraktiv kommune, reiseliv og kulturnæring, kompetanse, utdanning og rekruttering, samarbeid og nettverk, Lutelandet – Grøn Hub
- Jobbe for positiv utvikling av bu- og arbeidsområde i samarbeid med nabokommunar og næringsorganisasjonar.
- Felles rekrutterings og kompetansehevingstiltak. Jobbe for lokale nettverksløyising som gir innbyggjarane moglegheit for å jobbe i lag når det tek vidareutdanning og studiar. Desentralisert utdanning ilag med kommunane i felles bu- og arbeidsområde.

3) Klima og miljø, risiko og sårbarheit – berekraftig utvikling

- Plan og tiltak for å redusere utslepp av klimagassar både i kommunal tenesteproduksjon, men og å motivere innbyggjarane til å gjere tiltak for å redusere utslepp og avfallsmengd.
- Ta omsyn til klimatiltak i område planlegginga og i bustadpolitikken
- Dimensjonere infrastruktur i høve avløp- og overflatevatn med omsyn til klimaendringane.
- Prioritere arbeid samfunnstryggleik og sikkerheit – i samarbeid med nabokommunar og offentlege instansar

4) Folkehelse: gode tenester, sosial likskap, samhandling og samskaping, trivsel for alle

- Plan for ein berekraftig økonomi som hovudgrunnlag for å kunne utvikle gode tenester i framtida.
- Følgje opp statlege føringar for aldersvennleg bustadpolitikk - som gjer det mogeleg for innbyggjarane å bu i eigen heim så lenge som mogeleg.
- Sikre gode oppvekst vilkår for barn og unge – tidleg innsats og god oppfølging gjennom barnehage – skule løpet.
- Jobbe vidare med tiltak for å hindre sosial ulikskap, sikre auka fysisk aktivitet/fedme, og god psykisk helse.
- Fokus på kompetanseutvikling og sikre at ein har rett kompetanse til å levere gode tenester inn i framtida.

- Halde fram det gode arbeidet med å støtte eldskjelene som sikrar høgt aktivitetsnivå i lag og organisasjonar – den gode dugnadsånda.
- Auke fokus på frivilligheit innan eldreomsorg.
- Auke fokus på samarbeid og samhandling – internt, i regionen og mellom viktige bidragsytarar og premissgivarar i innovasjon og utviklingsarbeid.